



Haugland og Kolaas fekk støtte. (Foto: Kristian Hus)

Fem bedrifter i Kvinnherad har fått til saman 120.000 kroner i støtte frå det regionale næringsfondet, som Samarbeidsrådet for Sunnhordland forvaltar på vegner av Hordaland fylkeskommune.

I vår region er det nyskaping/entreprenørskap, reiseliv, marin sektor/havbruk, kulturbasert næringsutvikling, rekruttering/omdømmebygging og energi/miljø som er satsingsområda.

Ein bedrift som fekk støtte var Rikard Haugland frå Uskedalen og Åge Kolaas frå Sunde. Dei fekk 15.000 og skal starta vaktmeistersteneste. Dette var dei fire andre.

Desse frå Kvinnherad vart tildelt midlar denne veka: Glade føtter (15.000), Rikard Haugland/Åge Kolaas (15.000), Lundarhegni Naturpark (40.000), Buo kafe (20.000)og Restaurant Tippehuset Sæbøvik (30.000).